

## **INNSPEL TIL MØTE MED KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET 8. DESEMBER 2022**

- **Felles frå Nordfjella villreinnemnd og villreinutvalet for Nordfjella**

Villreinnemnda og -utvalet for Nordfjella vil i dette innspelet utdjupa og supplera nokre av punkta i innspelet me kom med i eit tilsvarende møte som vart halde med departementet i desember 2022.

### Reetablering av villrein i Nordfjella sone 1:

Nedskytinga av bestanden i sone 1 etter funnet av skrantesjuke i 2016 var ein av hovudgrunnane til at villrein kom inn på den norske raudlista i 2021. Ei reetablering og oppbygging av ein frisk bestand på tilnærma det nivået ein hadde før saneringa – om lag 2000 dyr – vil vera eit vesentleg bidrag til å få villreinen ut att frå denne lista. Me vil påstå at ei god forvalting og oppbygging av Nordfjellabestanden vil vera avgjerande for å betra stoda for villreinen her i landet.

I Miljødirektoratet og Mattilsynet si tilråding om reetablering, sendt departementet i desember 2022, er det nemnt mogleg risiko for at ein eventuell resmitte i denne bestanden kan spreia seg nordover til tamreinflokken nord for Hemsedalsvegen, og vidare til andre tamreinlag og villreinområde. Det heiter vidare at sperregjerdet som skal skilja mellom tamrein- og villreinområde på Hemsedalsfjellet kun er funksjonelt i barmarksperioden, og at fleire tiltak må vurderast for å sikra at rein frå sone 1 ikkje går nordover. Eit tiltak som ein må gå ut frå er lufta i nokre fora, er oppretting av ei buffersone utan rein mellom villrein- og tamreinområde. Viss dette vert lansert som ein del av tiltakspakka mot skrantesjuke, bør det vera heilt uaktuelt å inkludera villreinområde i ei slik sone. Dette ut frå den sårbare statusen til norsk villrein, og at villreinen er ein art som Noreg som nasjon har teke på seg eit særskilt ansvar for. Ei tamreindrift bør lettare kunna tilpassa seg endra grenser for beiteområdet.

Den attlevande delen av Nordfjellastamma (sone 2) har etter jakta sist haust eit berekna 93 % sannsyn for å vera smittefri. Jaktkvotar for komande jakt legg opp til at denne aukar til minst 96 % etter jakt, med god von om å nå 99 % etter jakt i 2024 (Mattilsynet sitt kriterium for friskmelding). Den ovanfornemnde reetableringsrapporten frå Mattilsynet og Miljødirektoratet går inn for å flytta over ein del av denne flokken til sone 1 etter friskmelding, og at sperregjerdet mellom dei to sonene vert ståande inntil vidare. Lokal villreinforvalting vil framheva at perioden med skilje mellom dei to sonene må gjerast så kort som råd. Det er ikkje bra å dela opp ein bestand som frå før er liten, m.a. av omsyn til den genetiske variasjonen. Tvert om bør ein arbeida for å gje flokkane høve til å nyttja heile villreinområdet, slik kvalitetsnormen for villrein legg opp til. Som kjent er delinga av Nordfjella i to soner, med därlege trekkmogleigheter mellom sonene, årsak til at området har hamna i raud kategori for delnorm 3; *funksjonelle trekkpassasjar*.

### Tiltaksplanar og villreinfond:

Som nemnt i innspelet vårt i møtet den 8. desember, har det vorte oppretta villreinfond etter nokre vilkårsrevisjonar for vassdragskonsesjonar i Nordfjella. Me ser det som særskilt viktig at desse fonda vert nytta til tiltak som kjem direkte til nytte for villreinen i området. Fondet må ikkje smuldrast opp ved å bli brukt til ymse «gode» byråkratiske føremål, for å avlasta staten for kostnader. Dette er viktig å ta med seg i arbeidet med tiltaksplanar for nasjonale villreinområde, som det som no pågår i Nordfjella.